

NORSK VIND AS  
Postboks 8034  
4068 STAVANGER

Vår dato: 17.03.2021  
Vår ref.: 200802252-108  
Arkiv: 511  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Thomas Mo Willig  
22959377/tmwi@nve.no

## Avslag på søknad om utsett frist for idriftsetting av Skorveheia Vindkraftverk

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad datert 22.12.2020 frå Norsk Vind AS (NV) om utsett frist for idriftsetting av Skorveheia vindkraftverk frå 31.12.2021 til 31.12.2022 med tilhøyrande 25 års varigheit. Skorveheia vindkraftverk er planlagt i Flekkefjord kommune i Agder.

### Vedtak

NVE avslår søknaden frå Norsk Vind AS om utsett frist for idriftsetting av Skorveheia vindkraftverk frå 31.12.2021 til 31.12.2022 og endra sluttdato for konsesjonen frå 31.12.2045 til 31.12.2047.

### Bakgrunn

NVE fekk melding om Skorveheia vindkraftverk frå Norsk Vind Energi AS den 24.08.2005. På grunnlag av meldinga fastsette NVE eit utgreiingsprogram 15.03.2006.

Konsesjonssøknaden for Skorveheia vindkraftverk vart mottatt av NVE 18.04.2008. NVE gav konsesjon til Norsk Vind Skorveheia AS for bygging og drift av Skorveheia vindkraft den 20.12.2013.

Konsesjonsvedtaket vart påklaga. Olje- og energidepartementet (OED) stadfesta NVEs vedtak den 30.04.2015.

NVE godkjente i vedtak av 15.06.2020 framlagt detaljplan og miljø- transport og anleggsplan (MTA) for Skorveheia vindkraftverk. Vi innvilga i vedtak av same dag ein søknad med fleire konsesjonsendringar, deriblant utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021. Vedtaka er påklaga, og klagene er for tida til handsaming hjå OED.

### Søknad

NV søkte 22.12.2020 om utsett frist for idriftsetting av Skorveheia vindkraftverk frå 31.12.2021 til 31.12.2022 og endra sluttdato for konsesjonen frå 31.12.2045 til 31.12.2047. Konsesjonens varigheit og frist for idriftsetting er spesifisert i vilkår nr. 1 i anleggskonsesjonen av 15.06.2020.

I søknaden skriv NV at dei har hatt som ambisjon å ferdigstilla prosjektet innan 31.12.2021, og at dei har gjennomført følgjande tiltak for å realisera prosjektet:

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 52-54  
Capitolgården  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



- Sikra nettilknytning
- Fått godkjent MTA og detaljplan for vindkraftverket og nettilknytning
- NV er komen langt i anbudsprosessar med sentrale leverandørar

NV skriv at dei oppmoda OED om statleg plan etter at søknaden deira om dispensasjon frå plan- og bygningsloven § 19-2 vart avslått av Flekkefjord kommune i vedtak av 13.02.2020. OED svarte i brev av 29.09.2020 og bad NV om å gå i ny dialog med Flekkefjord kommune for å avklara moglegheitene for dispensasjon frå kommuneplanen.

NV meiner slike endringar ville ført til ein søknad om endra MTA-plan med tilhøyrande høyring og klagefristar, noko som ville ført til at fristen for idriftsetting den 31.12.2021 ikkje ville bli nådd. På bakgrunn av dette valde NV på ny å oppmoda om statleg plan. OED svarte i brev av 26.11.2020 at det ikkje var noko som tilsa ei ny behandling av oppmoding om statleg plan.

For å sikra tilstrekkeleg tid for dialog med Flekkefjord kommune for å finna ei utbyggingsløyising som kan oppnå naudsynt planavklaring søker NV om eit års utsett frist for idriftsetting. NV skriv at Skorveheia ikkje lar seg realisera innan 31.12.2021, og at dette skuldast forhold utanfor deira kontroll.

### **Høyring**

NVE sendte søknaden på høyring 13.01.2021 til Flekkefjord kommune, Statsforvalteren i Agder, Agder fylkeskommune, Agder Energi Nett og fleire naturvernorganisasjonar. NVE bad vidare NV om å orientera aktuelle grunneigarar og eventuelt andre rettshavarar om søknaden. Høyringsfristen var 13.02.2021.

Det kom inn totalt 14 høyringsinnspel, der alle er negative til å innvilga ei utsett frist for idriftsetting. NVE har valt å presentera høyringssvara og NV sine kommentarar etter tema.

### **Innkomande høyringsinnspel**

#### *Lokale vedtak*

Flekkefjord kommune, Statsforvaltaren i Agder og Agder Fylkeskommune er alle negative til ein utsett frist for idriftsetting.

NV kommenterer at behovet for utsett frist er naudsynt for å justera prosjektet i tråd med innspel dei fekk frå Flekkefjord kommune våren 2020 og Statsforvaltaren i Agder sumaren 2020.

#### *Utsett frist for idriftsetting utover 31.12.2021*

Fleire høyringsinnspel viser til Stortingets vedtak av 19.06.2020 og NVEs brev av 27.11.2019 om at det ikkje blir innvilga utvida frist for idriftsetting utover 31.12.2021. Dei meiner at NVE må avslå søknaden om utsett frist for idriftsetting på bakgrunn av dette.

#### *Tilstrekkeleg tid til realisering*

Fleire høyringsinnspel viser til at NV fekk konsesjon av NVE 20.12.2013 og endeleg konsesjon av OED 30.04.2015, og dermed har hatt nok tid til å realisera prosjektet innanfor noverande fristar.

#### *Andre tema*

Fleire peikar på at det ikkje er lokal oppslutnad til utbygginga, at utgreiingane som ligg til grunn for prosjektet er for gamle/dårlege og at det manglar eit klimagassregnskap for prosjektet.



## NVEs praksis for utsett frist for idriftsetting av landbaserte vindkraftverk

NVE handsamar søknadar om endring av vilkåra i ein konsesjon med grunnlag i energiloven § 10-4 andre ledd. I forarbeida er det blant anna uttalt at endringar etter søknad frå konsesjonæren «*kan være aktuelle dersom konsesjonæren kan påvise at et vilkår ikke lenger fremmer sitt formål eller at fordelene ved et vilkår ikke lenger står i forhold til omkostninger det medfører for konsesjonæren*»<sup>1</sup>

Alle vindkraftkonsesjonar har vilkår om at anlegget må være satt i drift innan ein fastsett frist. NVE viser til at det er normal praksis at fristen for idriftsetting av eit vindkraftverk blir sett til fem år frå konsesjonstidspunktet. I tråd med det politiske ynskje om å legge til rette for landbasert vindkraft i Noreg i forbindelse med elsertifikatorordninga, har NVE i dei fleste konsesjonar som er gitt etter 2012 satt frist for idriftsetting lik tidspunktet for avslutninga av elsertifikatorordninga. Fristen var først 31.12.2020, før den seinare vart endra til 31.12.2021.

NVE sendte 27.11.2019 brev til alle vindkraftkonsesjonærar og informerte om ny praksis ved handsaming av søknader om utsett for frist for idriftsetting av landbaserte vindkraftverk. I brevet varsla NVE at fristar for idriftsetting normalt ikkje vil forlengast utover 31.12.2021. Brevet inneheld referansar til omtalen av fristar for realisering av vindkraftanlegg i Stortingsmelding 25 (2015-2016) Kraft til endring - Energipolitikken mot 2030. På dette grunnlag gir ikkje NVE utsett frist for idriftsetting av landbaserte vindkraftverk utover 31.12.2021, med mindre det føreligg heilt spesielle forhold.

NVE viser ellers til at Stortinget fatta dette vedtaket den 19.06.2020:

*"Stortinget ber regjeringen innenfor gjeldende regelverk ikke gi forlenget frist for idriftsettelse utover 31.12.2021 for vindkraftverk på land som i dag har gyldig konsesjon."*

## NVEs vurdering

NVE sluttar seg til NV sin vurdering om at søknaden som er lagt fram må vurderast konkret. Forhold som NVE meiner er relevant for handsaming av søknaden om utsett frist idriftsetting og endra varigheit i anleggskonsesjonen for Skorveheia vindkraftverk, blir vurdert nedanfor.

NVE konstaterer at Skorveheia vindkraftverk har hatt endeleg anleggskonsesjon i over fem år. Konsesjonen vart stadfesta av OED den 30.04.2015. Etter vår vurdering har NV hatt tilstrekkeleg med tid til å realisere vindkraftverket og oppnå planavklaring innanfor fristen for idriftsetting 31.12.2021.

Etter ei samla vurdering kan me ikkje sjå at NV har lagt fram informasjon i søknaden av 22.12.2020 som gir NVE tilstrekkeleg grunnlag for å kunne fråvika vår praksis om å ikkje gi utsett frist for idriftsetting av vindkraftverket etter 31.12.2021, jamfør brev av 27.11.2019. Av dette følger det at det heller ikkje er naudsynt med endra sluttdato for anleggskonsesjonen.

## Andre relevante forhold

Stortinget la fram stortingsmelding 28 (2019-2020) Vindkraft på land – Endringar i konsesjonsbehandlingen for Stortinget 19.6.2020. Stortingsmeldinga vart godkjent av Stortinget 01.12.2020. Skorveheia vindkraftverk kan vurderast på nytt av NVE, dersom saken blir fremma i tråd med nye konsesjonsprosessar og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Det følger av konsesjonens vilkår nr. 2 at konsesjonen fell bort dersom fristen for idriftsetting ikkje vert overheldt.

---

<sup>1</sup>Jf. Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) på side 97



### **Klagerett og orientering**

Dette vedtaket kan påklagast, sjå informasjon om rett til å klaga på vedlagt klageark. Norsk Vind AS skal orientera aktuelle grunneigarar og andre rettshavarar om vedtaket, og informera dei om retten til å påklaga vedtaket. NVE skal ha kopi av Norsk Vind AS orientering av grunneigarane/rettshavarane.

Med helsing

Inga Nordberg  
direktør

Erlend Bjerkestrand  
seksjonssjef

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

AGDER FYLKESKOMMUNE  
AGNAR BERGO  
ANNE BERIT BERGO  
ASBJØRN ØRSLAND  
EIRIK ØRSLAND  
Flekkefjord kommune  
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV AGDER  
MOTVIND NORGE  
MOTVIND SØRVEST  
Naturvernforbundet i Agder  
NEI TIL VINDMØLLER FLEKKEFJORD  
Norges Miljøvernforbund  
Norsk Ornitologisk Forening  
STATSFORVALTEREN I AGDER



## Orientering om rett til å klage

|                                     |  |
|-------------------------------------|--|
| Kven kan klage på vedtaket?         | Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.  |
| Kor skal du sende klaga?            | Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: <a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a> .<br>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.   |
| Frist for å klage                   | Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.<br>Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.  |
| Du kan få grunngjeving for vedtaket | Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.   |
| Kva skal med i klaga?               | Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none"><li>- Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.</li><li>- Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga.</li></ul> I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil. |
| Du kan få sjå dokumenta i saka      | Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.  |
| Vilkår for å gå til domstolane      | Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit.<br>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.   |
| Sakskostnader                       | Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekka vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.  |

*Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*